



## Saksframlegg

Saknr.	Utval	Møtedato
067/18	Sektorutval for tekniske saker	30.08.2018
123/18	Formannskapet	12.09.2018
075/18	Kommunestyret	18.09.2018

### Tørefrekvens for tette tankar.

#### Bakgrunn for saka:

Stryn kommunestyre vedtok i 1984 føresegner for tømning av slamavskiljarar. Reglar for slamtømning vart handsama på nytt i 1990, der det blei presisert at tette tankar skal tømast etter behov, men minimum kvart år.

Ordninga med tømning av tette tankar har ikkje vore gjennomført i alle desse åra før ein i kommunestyret desember 2016 stadfesta å krevje tømning av tette tankar i samsvar med føresegner. Det var ynskje frå tømeselskap om at Stryn kommune overtok styring med tømning av tette tankar som gjorde at ein tok tak i problemstillinga.

#### Lovgrunnlag, reglar, føresegner, plandokument:

Reglar for slamtømning, K-165/90

Føresegner for tømning av slamavskiljar, 20.des.1984.

Gebyrvedtak i kommunestyre des.2016

Forurensingsforskriften

#### Ikkje vedlagt sakstilfang:

#### Vedlegg i saka:

Reglar for slamtømning K-165_90	1388913
Tømning av slamavskiljarar 1984	1388914

#### Saksopplysningar:

Stryn kommunestyre vedtok i 1984 føresegner for tømning av slamavskiljarar. Reglar for slamtømning vart handsama på nytt i 1990, der det blei presisert at tette tankar skal tømast etter behov, men

minimum kvart år.

Ordninga med tømning av tette tankar har ikkje vore gjennomført i alle desse åra før ein i kommunestyret desember 2016 stadfesta å krevje tømning av tette tankar i samsvar med føresegner. Sidan ein ikkje har følgd eigne føresegner over lang tid har det utvikla seg mange forskjellige løysingar for tette tankar. Det finst bl.a. anlegg med infiltrasjon av gråvatn, med tank for svartvatn. Anlegg med vassbesparande løysingar med liten tett tank. Anlegg med vassbesparande løysingar med stor tett tank. Anlegg med mykje vassforbruk med store tankar, og tilsvarande med små tankar. Teknologi og praksis har såleis utvikla seg mykje sidan 1990.

Stryn kommune får kvart år oversikt over feil og manglar på slamavskiljarar som blir tømde. Denne feillista er lang, og det er behov for å gjere tiltak for å rydde opp i spredt avløp. Det er i denne samanheng viktig at kommunen også har oversikt over status på anlegg med tette tankar.

Praksis fram til 2017 var at den enkelte anleggseigar sjølv kontakta tømeselskap ved behov. Fordel med ei slik løysing er at tømning blir brukstilpassa, ulempe er liten/ingen kommunal kontroll med status på anlegg.

### **Vurdering:**

Kommunen er forureiningsmynde etter kap 12 i forurensingsforskrifta (krav til utslipp av sanitært avløpsvann frå bolighus, hytter og lignende).

Stryn kommune har behov for å få oversikt og gjere tiltak innan spredt avløp. Som følge av dette treng ein oversikt og status på alle avløpsanlegg slik som t.d. tette tankar.

Teknologi og praksis har utvikla seg over mange år. Det er difor nødvendig å vurdere om det er behov for å krevje tømning av alle avløpsanlegg med tett tank kvart år.

Tømmerunde blir normalt gjennomført på haustparten kvart år. Ein kan såleis ikkje bestemme dato for når det skal tømast, men ein blir lagt inn med tømning det einskilde år.

### **Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

1. Tette tankar skal tømast regelmessig i regi av kommunen. Minst kvart fjerde år.
2. Anleggseigar er sjølv ansvarleg for å plassere tømning av tank med rett intervall. Utan tilbakemelding frå anleggseigar blir tank tømt årleg.
3. Ekstra tømingar utanom det faste intervallet bestillast direkte til tømeselskap, og kostast av anleggseigar.
4. Ved gjentatte ekstratømning skal tømmeintervall vurderast.
5. Anleggseigar er ansvarleg for at anlegget er tett til ei kvar tid.
6. Alt slam ved tømning av tank skal leverast til godkjent mottak.

### **Sektorutval for tekniske saker 30.08.2018:**

#### **Handsaming:**

Rådmannen sitt framlegg samrøystes tilrådd.

### **TS- 067/18 Vedtak:**

1. Tette tankar skal tømast regelmessig i regi av kommunen. Minst kvart fjerde år.
2. Anleggseigar er sjølv ansvarleg for å plassere tømning av tank med rett intervall. Utan tilbakemelding frå anleggseigar blir tank tømt årleg.
3. Ekstra tømningar utanom det faste intervallet bestillast direkte til tømeselskap, og kostast av anleggseigar.
4. Ved gjentatte ekstratømning skal tømmeintervall vurderast.
5. Anleggseigar er ansvarleg for at anlegget er tett til ei kvar tid.
6. Alt slam ved tømning av tank skal leverast til godkjent mottak.

#### **Formannskapet 12.09.2018:**

##### **Handsaming:**

Sektorutvalet for tekniske saker sitt framlegg , samrøystes tilrådd.

#### **FO- 123/18 Vedtak:**

1. Tette tankar skal tømast regelmessig i regi av kommunen. Minst kvart fjerde år.
2. Anleggseigar er sjølv ansvarleg for å plassere tømning av tank med rett intervall. Utan tilbakemelding frå anleggseigar blir tank tømt årleg.
3. Ekstra tømningar utanom det faste intervallet bestillast direkte til tømeselskap, og kostast av anleggseigar.
4. Ved gjentatte ekstratømning skal tømmeintervall vurderast.
5. Anleggseigar er ansvarleg for at anlegget er tett til ei kvar tid.
6. Alt slam ved tømning av tank skal leverast til godkjent mottak.

#### **Kommunestyret 18.09.2018:**

##### **Handsaming:**

Det var 22 røysteføre.

Formannskapet si tilråding samrøystes vedteke.

#### **KS- 075/18 Vedtak:**

1. Tette tankar skal tømast regelmessig i regi av kommunen. Minst kvart fjerde år.
2. Anleggseigar er sjølv ansvarleg for å plassere tømning av tank med rett intervall. Utan tilbakemelding frå anleggseigar blir tank tømt årleg.
3. Ekstra tømningar utanom det faste intervallet bestillast direkte til tømeselskap, og kostast av anleggseigar.
4. Ved gjentatte ekstratømning skal tømmeintervall vurderast.

5. Anleggseigar er ansvarleg for at anlegget er tett til ei kvar tid.
6. Alt slam ved tøming av tank skal leverast til godkjent mottak.